

## **VEDTEKTER FOR SAMORDNA OPPTAK – KOMMUNALE OG PRIVATE BARNEHAGAR I OS KOMMUNE**

### **Vedteke i Os kommunestyre 05.03.13, sak 011/13**

Os kommune ved Oppvekst og kultur samordnar opptaka til både kommunale og private barnehagar, jf. Barnehagelova § 12.

Barnehageplass vert søkt elektronisk i Os kommune. Det skal søkjast på Os kommune sine heimesider: oskommune.no. Det kan søkjast på heile eller delte plassar i tråd med barnehagens vedtekter.

Eigar av den einskilde barnehage er opptaksmynde. For dei kommunale barnehagane er opptaksmynde delegert til styrar/einingsleiar. Barnehagen – kommunal eller privat – innstiller til ledige plassar i tråd med opptakskriteria som er stadfesta i barnehagen sine vedtekter.

Hovudopptaket er i perioden mars / mai.<sup>1</sup> Søknadsfrist vert annonsert på Os kommune sine heimesider og i lokalpressa. Føresette må søkje innan gitt frist for å bli vurdert i hovudopptaket med tildeling av plass frå august. Ønska startdato må vere innan 31. august i opptaksåret.

Søknadar som avvik frå desse føresetnadane vert vurdert i suppleringsopptak. Søklarar som ikkje har fått plass gjennom barnehageåret, treng ikkje søkje på nytt for neste barnehageår. Det er mogeleg å endre på søknad i løpet av året, utan at dette får konsekvensar for opprinneleg søknadsdato.

Det kan søkjast om plass i inntil 4 barnehagar i prioritert rekkefølge. Barnehagane gjer opptak ut frå søklarar som har søkt plass i den aktuelle barnehagen. Om barnehagen ikkje har fleire søklarar igjen på søkjarlista, kan barnehagen få liste frå kommunen over søklarar som ikkje har mottatt tilbod barnehageplass.

Alle som søker barnehageplass mottar e-post med stadfesting når søknad er mottatt og registrert. Tilbodsbrev med svarfrist vert sendt ut frå den einskilde barnehage og svar på tilbod skal returnerast til barnehagen. Dersom ein ikkje svarar innan gitt frist vil tilbod bli annullert og søknad vert sletta frå ventelista utan nærare varsel.

Oppvekst og kultur sender ut informasjonsbrev til alle søklarar etter gjennomført hovudopptak, der det vert informert om status for opptaket. Dersom det er barnehagar med ledig kapasitet, vil det bli informert om dette i brevet. Søklarar vil òg få informasjon om klage- og innsynsrett ved manglande tilbod om barnehageplass.

Dersom ein ikkje får innvilga første valet sitt i hovedopptaket, kan ein velja å framleis stå som søklar til høgare prioriterte barnehagar og søkjaransienniteten vert ståande. Søklarar som får første valet sitt oppfylt, vert sletta frå søkjarlista. Dersom ein likevel ynskjer plass i anna barnehage må ein

---

<sup>1</sup> Barnehagane har i supplerande opptak gjennom heile året.

registrere søknad på nytt. Søkjarar som takker nei til førstevalet vert sletta frå søkerlista. Dei som har fått plass, har denne til dei seier opp plassen eller går over i skulen. Dette gjeld óg dersom ein flyttar ut av kommunen. Ved manglande betaling eller når plassen ikkje vert nytta, kan barnehageeigar seie opp plassen, jf. den einskilde barnehage sine vedtekter.

### **Opptakskrets og opptakskriteriar**

Barnehagen kan sjølv definera sin eigen opptakskrets og sine egne opptakskriteriar, jf. barnehagelova § 12. Dette skal gå fram av barnehagen sine vedtekter. jf. barnehagelova § 7, fjerde ledd. Opptakskriteria er prioriteringa i opptak av barn som tilhøyrrer opptakskretsen. Opptakskrets seier noko om kva barn som kan bli tatt opp i barnehagen. Døme på opptakskrets kan vere barn i eit bestemt geografisk område. Vedtekne opptakskriterie gjeld innanfor opptakskretsen.

Handsaming av søknadar i prioritert gruppe vert gjort av Oppvekst og kultur, Os kommune. Dokumentasjon på prioritet skal sendast til: Os kommune, Oppvekst og kultur, pb. 84, 5202 OS. Det vert gjeve anledning til å klage på vedtak om å kome i prioritert gruppe.

### **Tilsyn**

Kommunen skal føre tilsyn med barnehagane når det gjeld opptak, jf. Barnehagelova § 8.

### **Rett til grunngeving**

*Etter "Forskrift om saksbehandlingsregler ved opptak i barnehage" § 4, har søkerar som ikkje får første eller andre ønskje sitt oppfylt, eller som ikkje har fått tilbod om barnehageplass, rett til å krevja ei skriftleg grunngeving. Søklar rettar seg til den barnehagen som vedkommande ikkje har fått plass i.*

### **Innsyn**

Søklar har etter Forvaltingslova § 18, § 19, § 20 og § 21 som hovudregel rett til innsyn i saksdokumenta.

### **Klagerett**

*Søklar kan klage over avslag på søknad om barnehageplass ved hovudopptak. Søklar kan óg klage dersom ein ikkje får sitt første eller andre ønskje oppfylt. Ved supplerande opptak kan berre søkjaren til barnehagen med lovfesta rett til prioritet etter barnehageloven § 13 klage, dersom dei ikkje får plass i den aktuelle barnehagen.*

Skriftleg klage skal sendast til Oppvekst og kultur. I klaga må det komme fram kva det blir klaga over og grunnane klaga støttar seg til. Klage må vera sendt innan 3 veker etter at vedtaket er motteke, jfr. §28-36 i forvaltningslova. Kommunen legg saka fram for barnehageigar, for å få naudsynt informasjon om opptaket. Dersom barnehagen ikkje tar klaga under behandling eller ikkje gjev klagar medhald i at denne skulle ha fått tilbod om den ønska barnehageplassen, skal kommunen senda klagen til den kommunale klagenemda for endeleg avgjerdsle. Dersom klagar får medhald, skal barnet om mogeleg få tilbod om plass i den aktuelle barnehagen. Dersom dette ikkje er mogeleg, må barnet få tilbod om den fyrste ledige plass i barnehagen.

Informasjon om barnehage, inkl. informasjon om rett til barnehageplass, jf. Barnehagelova § 12 a, vert publisert på oskommune.no.